

# BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT




1955

NR. 2

---

OSLO



## Nye plantefunn 1952–1954.

### NEW PLANT FINDS IN NORWAY DURING THE YEARS 1952–1954.

Av

JOHANNES LID

Av meldingane om nye plantefunn som kjem inn til Botanisk Museum ved Universitetet i Oslo har eg her registrert dei viktigaste funn i dei tre siste år. Det er gjort på tilsvarande måte som i dei to førre listene (Lid 1950 og 1952 b), berre det at det norske navnet no er sett til attåt det latinske. I alt er her rekna opp 147 plantar, derav 24 nye antropokorar, det er forvilla plantar og plantar på avfallsplassar. Desse nye plantane er rekna opp til slutt, under Summary. For somme av dei har eg gjort framlegg om norske navn, dei er merkte med ei stjerne. \* Også denne gongen er det med nokre eldre funn som ikkje er publiserte før. Eg skuldar konservator Carl Blom i Gøteborg takk for hjelp med å navnfesta innførde plantar.

*Abutilon theophrasti* Med. Linderose. Sem: Vik, nær Sem st., ugras i ein eplehage oktober 1953 Johs. Widerøe. Ikkje kjend før i Vestfold.

*Agrostis gigantea* Roth. Storkvein. Sarpsborg: 27. aug. 1953 Kristian Andreassen. — Lunner: Hovlandsmyra 26. aug. 1954 Aasulv Løddesøl og Ole Lie. — Bærum: Ved krysset Snarøyvegen og Oksenøyvegen 10. sept. 1954 Per Størmer. — Lista: Åsen 4. aug. og Tjørve 10. aug. 1954 Per Størmer. — Vestnes: Gjermundsnes 15. aug. 1953 Ivar Jørstad. Ikkje kjend før i Vest-Agder eller i Møre og Romsdal.

*Alchemilla plicata* Bus. Buttmarikåpe. Sannidal: Grønåsen 15. juli 1952 J. L. — Ikkje før kjend i Telemark.

*Alopecurus geniculatus* L. Knereverumpe. Ulvik: Finse 2. aug. 1954 J. L. Denne planten kunne vi ikkje finna på Finse i 1953 (Lid 1954 s. 15). I 1954 stod det eit par plantar ved Samvirkelaget.

*Amaranthus retroflexus* L. Duskamarant. Sem: I rotvekståker på Vik oktober 1953 Johs. Widerøe. — Jølster: I gulerotåker på Befring 9. sept. 1953 Olav J. Befring. — Sparbu: Mære Landbruksskule, 85 cm høg plante i potetåker 29. sept. 1953 Roar Olavsvengen. Før ukjend mellom Buvik og Velfjord.

*Amelanchier spicata* (Lam.) C. Koch. Blåhegg. Rakkestad: I gran-

skog ved Holøs 30. juli 1954 Kristian Andreassen. — Oslo: Sørrom kongsgarden på Bygdøy 23. aug. 1954 J. L. — Eidsvoll: I skogen nord-om hovedvegen vestafor Eidsvoll stasjon 25. mai 1953 J. L. — Holt: Nes Jernverk, i skogen i den gamle parken, 24. juni 1954 J. L. — Blåhegg synest å spreia seg meir og meir, og alltid i skogen. Buskene set frukt så snart dei vert nokre år gamle.

*Antennaria alpina* (L.) Gaertn. Fjellkattfot. Ulvik: Skomahøgden ved Hallingskeid 28. juli 1954 J. L. På ein grasbakke ved 1450 m veks det her rikeleg med hannplantar; på eit 60 m langt stykke fann eg 10 koloniar. — Rønning (1954 s. 10) melder om hannplantar på Javreoaive i Nordreisa.

*Armoracia rusticana* G. M. S. Pepparrot. Åseral: Forvilla på Berge 17. juli 1952 J. L. — Dette er lengre vest enn den er notert før.

*Asperula arvensis* L. Blåmyske. Kvam i Hordaland: Ålvik, på kromalmhaugar frå Litle Asia 16. aug. 1953 Karl Sivertzen. Plantar med mogne frukter.

*Asplenium marinum* L. Havburkne. Haram: Grotter på vestsida av Lepsøy 26. juli 1933, og Kyrahelleren på sørvestsida av Lepsøy 1. aug. 1934 Harald Goksøy. — Desse nordlegaste finnestadene for havburkne ligg 38 km lengre nordaust enn dei før kjende vekseplasane i Otreskredene på Rundøy i Herøy.

*Aster tripolium* L. Strandstjerne. Spind: Sandvikodden i Abelvik 11. aug. 1954 Arne Stuestøl. Strandstjerne synest vera sjeldsynt i Vest-Agder.

*Atriplex sabulosa* Rouy. Sølvmelde. Åkra: Åkrasanden 12. aug. 1954 Vagleik Rosseland og Finn Wischmann. Dette er første funn nord for Stavangerfjorden, den er før kjend frå Lista, Nærbø og Klepp. — Av denne planten ligg det to ark frå Østfold i Osloherbariet: 1. «Fredrikstad paa Stangeskjær, F. C. Schübeler», og 2. «Paa Øren, Fredrikstad 20. juli 1904, Hartvig Johnsen». Schübeler's funn er publisert hos A. Blytt (1874) s. 495: «Meget sjelden paa Strandkanter; hidtil kun fundet paa Stangeskjær ved Fredrikstad omtr. 59° 10' (Schübeler)». Etter dette ser det ut som skulle sølvmelde også i Østfold vera funnen på naturleg veksestad. Stangeskjær er ein holme ute i fjorden (Vesterelva) lengst sørvest i Kråkerøy herad, mens Øyra i Fredrikstad ligg langt nord i Østerelva. Men på etiketten i herbariet har Axel Blytt notert: «Etiketten angiver kun Fredrikstad. Schübeler troede den maatte være fra Stangeskjær, hvor jeg dog forgjæves søgte den». Så vidt eg veit har Blytt ikkje publisert denne rettinga på annan måte enn at det i Blytt-Dahl (1906 s. 297) er sagt om *Atriplex sabulosa* (*A. farinosa*): «Fredrikstad, rimeligvis paa ballastjord». Etter Hartvig Johnsen's funn i 1904, som har kome fram no, er det all grunn til å tru at Schübeler òg hadde samla den der.

*Borago officinalis* L. Agurkurt. Kristiansand: Ein vegkant ved riksveg 40, 5. juli 1952 Johs. Johannessen.

*Botrychium matricariifolium* (Retz.) A. Br. Huldrenykel. Vegardshei: Sørvest for Ås i dalen austom Sandtjønna 19. juli 1951 Jon Kaasa. — Dette er første funn av huldrenykel mellom Nøtterøy og Hornnes.

*Botrychium multifidum* (Gmel.) Rupr. Haustmarinykel. Aurland: Aurlandsdalen, ved turistvegen 500 m vestom Vikji, 5. aug. 1953 Julie Kjennerud. Finnestaden er mellom gardane (stølane) Aurvika og Nesbø. — Haustmarinykel er ikkje før funnen på Vestlandet, og på Austlandet ikkje vest for Brunlanes, Uvdal, Nord-Aurdal og Vågå.

*Botrychium simplex* E. Hitch. Dvergmarinykel. Knut Nedkvitnes funn i Klepp (Nedkvitne 1953) er nytt for Vestlandet, det er 240 km vest for det før kjende funn ved Porsgrunn.

*Brassica elongata* Ehrh. Svartehavskål. Kvam i Hordaland: Ålvik, på krommalmhaugar frå Litle Asia 8. sept. 1954 Karl Sivertzen.

*Bromus inermis* Leyss. Bladfaks. Ulvik: Finse 2. aug. 1954 J. L. — Vi la ikkje merke til dette grasen i 1953 (Lid 1954 s. 15), men det har nok vore der, det veks i nedre jernbaneskråningen vestom Finse Turisthotell.

*Buphtalmum speciosum* Schreb. \* Solstjerne. Det. C. Blom. Tjøme: Hulebak 26. juli 1946 Ralph Tambs Lyche. Plantar med 5–6 cm breie koger. Denne vakre korgplanten med gullgule koger høyrer heime i Aust-Europa. Den er av og til dyrka i hagar, og er forvilla ved Hulebak.

*Callitriche stagnalis* Scop. Dikevasshår. Øyer: Nordsida av Eftaskampen 23. juli 1949 Finn Wischmann. — Dette er ny nordgrense på Austlandet.

*Cardaria draba* (L.) Desv. Honningkarse. Borgund i Møre og Romsdal: Gåseid, rikeleg på ein grushaug ved vegen, 3. juli 1952 A. Rødland. Såvidt vi veit er den ikkje før funnen i Møre og Romsdal fylke.

*Carex aquatilis* Wahlenb. Nordlandsstorr. Helleland: Elvekant ved Strømstad, 90 m, i lag med flaskestorr og sennegras 9. juli 1953 J. L. — Egersund: I Slettebøvatnet straks sørom Hestvådbrua, 16 m, 10. juli 1953 J. L. — I 1912 har Joh. Dyring samla nordlandsstorr i Sokndal: Åmot og ved Prestbrua, det er 20 km søraust for mine funn. Frå desse finnestadene i Rogaland er det 200 km til næraste veksestad på Hardangervidda i Hordaland.

*Carex canescens* × *dioica*. Voss. Heggjavad vestom Raustad, stor tuve ved 450 m, 23. juli 1953 J. L. — Denne hybrid er sjeldsynt på Vestlandet.

*Carex dioica* × *maritima* (*C. arctica* Deinb.). Onga: Brusanden vestom Brusand stasjon 11. juli 1953 J. L. — På Vestlandet er denne storrhybriden berre funnen her og i Rennesøy.

*Carex globularis* L. Granstorr. Bø (i Telemark): Jønnbu sæter, 2 km nordom Lifjell Hotell, 700 m, 16. aug. 1952 Per Sunding. — Etter eksemplar i Osloherbariet er granstorr først funnen i Telemark av den svenske botanikar A. E. Lindblom, som i 1839 tok den «melan Nordahl och Bøe i Telemarken». Dette er truleg i strøket kring Gvarv i Sauherad. På eit ark har M. N. Blytt notert: «Nordsjø i Nærheden af Porsgrund i 1839 Lindblom». Vi treng ikkje tyda denne Blytts merknad slik at granstorr skulle vera funnen nær Porsgrunn. Den tid var det ein tendens til å lokalisera alt til byane. Og det er Nordsjø som er nær Porsgrunn. — 21. juli 1871 har Cæsar Boeck tatt granstorr «mellem Øigarn og Sustul under Blefjeld, Thelemark». Sustul er Sørstulen, 8 km nordom Follsjå i Gransherad. — I juli 1940 har Gudmund Wigant funne granstorr ved Korsli sæter, 4 km nordom Buvatn i Granherad.

*Carex silvatica* Huds. Skogstorr. Foldereid: Teplingen 11. sept. 1952 Ivar Jørstad. Dette er 10 km lengre nord enn Jørstad fann den i 1949.

*Centaurea cyanoides* Berggr. et Wahlenb. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik, avfallsplass ved krommalmhaugane frå Litle Asia, 28. aug. 1947 Karl Sivertzen. To plantar med blomstrar og frukter.

*Cerastium alpinum* L. Fjellarve. Bærum: Ramsåsen 30. mai 1953 Odd Røseg. Fleire små tuver og ein stor blomstrande plante i bergsprekker i den midtre delen av åsen. — I den søre delen av Austlandet går fjellarven aust til Norefjell i Krødsherad og Dronningkollen i Flesberg, og alt i eldre tid er den kjend frå Krokkleiva i Hole i Buskerud, men i Akershus fylke er den ikkje funnen før.

*Cerastium glomeratum* Thuill. Vegarve. Narvik: På ein jordhaug ved Kirkegata nr. 60, 14. aug. 1953 Carl G. Alm og Nils Sylvén. — Før er vegarve funnen nord til Saltdal, og i Bodø (C. Elgenstjerna i herb. Uppsala).

*Chenopodium vulvaria* L. Sildemelde. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik, på krommalmhaugar frå Litle Asia, 8. sept. 1954 Karl Sivertzen. — Sildemelde var ikkje før kjend på Vestlandet.

*Corydalis solida* (L.) Sw. Hagelerkespore. Mandal: Skrivarhagen 1896 L. O. von Krogh. — Stord: Ugras i hagen på Rommetveit 27. mai 1924 Askell Røskeland. — Før var denne lerkespore berre kjend kring Oslo.

*Crambe maritima* L. Strandkål. Høvåg: På skjelsand på Kalvøya 27. juli 1953 J. Nuland. — Dette er fjerde finnestaden vest for Skåtøy.

*Dactylorhiza incarnata* (L.) Vermln. Engmarihand. Nord-Aurdal: Engadn, 5 km nord for Aurdal stasjon, 900 m, 20. juli 1954 Hans B. Birkeland.

*Dactylorhiza purpurella* (T. et T. A. Steph.) Vermln. Purpurmari-

hand. Vigra: Molnes, på tuver i grasmyr på kalkgrunn, 4. juli 1954 A. Rødland.

*Dactylorhiza sambucina* Vermln. Systermariland. Øvre Sandsvær: Åmli sæter, sørvest for Fagervatn, 5. juni 1954 Tor Næss. — Mo i Telemark: Froland 5. juni 1952 F. Willumsen. — Tinn: Hjordalen, urd ovafor Vigfet sæter 8. juni 1954 Olav Hestenes.

*Daphne mezereum* L. Tysbast. Kristiansand: Kalkheia 2. mai 1952 Anders Wulff. På Sørlandet er tysbast ein ytterst sjeldsynt plante.

*Datura stramonium* L. Piggeple. Nord-Aurdal: Ved eit hønsehus på jordbruksskule på Leira, 12. nov. 1953 R. M. Lien. — Hedrum: Lyng (Kvalde) i potetåker 9. okt. 1953 Margit Bergaust.

*Datura tatula* L. Blåpiggeple. Tyristrand: Ugras i hagen ved Nordre Tyristrand skule 24. sept. 1953 M. G. Hanevold. — Sem: I rotvekst-åker på Vik nov. 1953 Johs. Widerøe. — Froland: Ugras i havreåker i Osedalen 4. sept. 1953 Gunnar Oveland. — Vestre Moland: I kålåker på Skogerøya 16. okt. 1953 Thv. Kierulf. — Lista: I eit tyskarsteinbrot på Vatne, på ein tomt i Bryneheia og i ein gulrotåker på Elle, 23. nov. 1953 Olav Haaversen Vesthassel. — Sparbu: Ugras i potetåker på Mære Landbruksskule 18. sept. 1953 Roar Olavssveengen.

*Deschampsia caespitosa* (L.) PB. var. *glauca* (Hartm.) Sam. Hægeland: I Otra ved Hægeland jernbanestasjon 17. juli 1952 J. L. — Denne varietetet skil seg godt ut frå vanleg sølvbunke, og kunne på norsk heita \* vassbunke. Som nemnt under *D. setacea* liknar den på bustsmyle, og har i Bygland vore misteken for den. I Norge kjenner vi vassbunke frå Skedsmo, Ådal og Hole i Buskerud, Bygland, og no Hægeland.

*Deschampsia setacea* (Huds.) Hack. Bustsmyle. Ognå: I ei tjønn nord for Hetland, 3 km frå sjøen, 13. juli 1953 J. L. — I Osloherbariet ligg to ark som R. E. Fridtz hadde samla i Bygland, »No. 6222 og 6223 *Aira setacea* Huds. Bygland: Paa sandige oversvømmede steder ved fjorden nedenfor kirken 7. aug. 1901». Ved revisjon av dei kart over kystplantar som no er laga, vart professor Fægri vis med at prikken for dette funn ligg langt av lei oppe i Setesdalen, medan alle andre funn av *D. setacea* ligg heilt ute ved kysten. Fridtz har gjort eit mistak, plantane frå Bygland er *D. caespitosa* var. *glauca*. Dei liknar bustsmyle å sjå til, og har vakse på stader der vatnet står over ei tid av året. Bygland som finnestad for *D. setacea* har kome inn i ymse floraer og kartverk, såleis hos Lid (1944 s. 88, og 1952 s. 93), Hultén (1950, kart nr. 182 s. 46), Hylander (1953 s. 300).

*Dianthus barbatus* L. Busknellik. Høvåg: I vegkanten ved ei eng på Øresland 11. juli 1952 J. Nuland.

*Draba fladnizensis* Wulf. × *norvegica* Gunn.\* Finserublom. Ulvik: Sanddalsnuten ved Finse, 1480 m, 31. juli 1954, og i ein knaus 2 km

sørom Flakevatnet, 1470 m, 1. aug. 1954 J. L. Kvar stad berre ein plante i lag med foreldreartene. Som vanleg med rublomhybridar er det tuver med mange stenglar, 40 på den første, 50 på den andre. Skulpene er ikkje fullt utvikla, dei er berre 2–3 mm lange. — Denne hybridene er før fleire gonger oppgjeven for Norge, men vi vantar materiale i Osloherbariet.

*Drosera intermedia* Hayne. Dikesoldogg. Brekken: Hyddkroken 29. juli 1953, og Skottmyra nær Borga 3. aug. 1953 Einar Fondal. På denne kanten av landet var den før kjend nord til Os i Hedmark.

*Dryopteris borrieri* Newm. [*D. paleacea* (Sw.) C. Chr.]. Raggteleg. Lista: Sigersvoll, i lia sørom tjønna, 6. aug. 1954 Per Størmer. — Sand: Hysten 8. juli 1905 Ove Dahl. Så langt inne i Rogaland visste vi ikkje om den før.

*Epilobium adenocaulon* Hausskn. Amerikamjølke. Frogn: Ved elva frå Arungen, rikeleg i vegskråningane 14. sept. 1952 J. L. — Lørenskog: Ved øvre vatnet nær jernbanestasjonen 13. sept. 1953 J. L. — Sokndal i Rogaland: Mellom husa i Stranda (Sogndal Ladested) 7. juli 1953 J. L. — Amerikamjølke spreier seg meir og meir her i landet.

*Epipogium aphyllum* (F. W. Schm.) Sw. Huldreblom. Tovdal: Dommteit straks austom Skjeggedølvatn 16. juli 1953 Jon Kaasa. — Holmboe (1937 s. 21–22) nemner at i norske herbarier fins ikkje eksemplar som belegg for prost Deinbolls funn av huldreblom i Sel. I ei pakke med gamle plantar i Botanisk Museum i Oslo har plantane no kome fram. Det er to blomstrande stenglar med Deinbolls skrift på arket: «*Satyrium Epipogium*. Sælsdal in Parochia Vaagensi 1829».

*Equisetum variegatum* L. Fjellsnelle. Rakkestad: Grav 1. aug. 1954 Kristian Andreassen. Fjellsnelle er ikkje før funnen i Østfold. Vekseplassen er ved Glåma, 25 m o. h. Den svarar til liknande vekseplassar i Blaker i Akershus og ved strendene av Mjøsa, så det er truleg langspreiing frå Jotunheimen eller nordre Østerdalen vi her har for oss. Andreassen melder at plantane står 1,5 m over normal vasshøgde i elva, og at det for 20 år sidan var ein stor flaum som gjekk opp til 2 m over normal vasshøgde.

*Eremopoa persica* (Trin.) Roshev. \* Eremitrapp. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Alvik, på krommalmhaugar frå Litle Asia 16. aug. 1953 og 19. juni 1954 Karl Sivertzen. Blomstrande plantar av dette eittårige orientalske gras.

*Erigeron eriocephalum* (DC.) Vierh. Ullbakkestjerne. Ulvik: Bukkeskinshjallane mellom Finsevatn og Hardangerjøkelen 2. aug. 1954 J. L. Ullbakkestjerne veks her i bergskorter ved 1285 m.

*Eriophorum latifolium* Hoppe. Breimyrull. Røldal: Tjønnaberget sørom Valldalsvatnet, 780 m, 2. aug. 1952 J. L. Er før funnen ovafor Valldalsvatnet. — Voss: Grungane vestom Herdebreio, 750 m, 20. juli



1952, og Heggjavad vestom Raustad, 440 m, 23. juli 1952 J. L. På Voss er breimyrull før funnen ved Horgaset og på myrane mellom Horgaset og Grønlivatnet 22. aug. 1948 J. L.

*Erucaria myagroides* (L.) Halacsy. \* Orientdodre. Det. C. Blom. Oslo: Ballastbrygga i Grønliia 29. juli 1891 A. Landmark. — Strinda: Sluppen 21. aug. 1952 Einar Fondal. Dette er eit eitårig krossblomstra ugras med raude blomstrar og avlang, tiltrykt skulpe med to frø.

*Eryngium planum* L. Hagestrandtistel. Bærum: I vegkanten ved Drammensvegen 321, rikeleg i lag med *Echium vulgare*, 19. juli 1952 Arne Hauknes. Her er den forvilla frå eit gartneri som ein svensk gartner, Staving, hadde der inntil 1927. Fru Andrea Gundersen på granneeigedommen kunne fortelja at dei kalla planten «Venskap». — Gran: Mellom Sanner pensjonat og Klokkergarden, 6–7 plantar ved ein gardsveg, 15. aug. 1952 Olaf Jansen.

*Euphorbia esula* L. Vegvortemjolk. Krødsherad: Noresund 15. aug. 1954 Per Sunding. — Uvdal: Ved vegen aust for gamlekyrkja i Uvdal 15. juli 1954 Per Sunding. I Numedal før kjend nord til Kongsberg.

*Galinsoga ciliata* (Raf.) Blake. Nesleskjelfrø. J. Nuland har funne den på nytt ved Tordenskjolds skole i Kristiansand 28. aug. 1951, og i Oddernes: På ein vegkant ved Sødal 3. sept. 1951. — Johs. Johannessen melder i nov. 1952 at han først fann nesleskjelfrø i Kristiansand i 1938. Sidan er den komen til gartneri og planteskular og har spreidd seg så den i 1952 fins så å seia i alle parker, i privathagar, på kyrkjegardane, på vegkantar og avfallsplassar i byen. Den har òg spreidd seg utover i Oddernes der den til og med fins ved gangstiar innover i skogen. Johannessen har òg sett den i Randesund og Tveit.

*Geranium pratense* L. Engstorkenebb. Hægeland: Ved sagbruket på Kile 17. juli 1952 J. L.

*Geranium pyrenaicum* Burm. fil. Askerstorkenebb. Tveit: Hamre 25. juli 1954 Johs. Johannessen. Veks under aplar i ein frukthage på Hamre. Askerstorkenebb er ikkje funnen så langt sør i landet før.

*Goodyera repens* (L.) R. Br. Knerot. Voss: Bjørkemoen ved Bjørkebrua, 105 m, 24. juli 1954 Dagny Tande Lid. Knerot veks her i furuskog i lag med blåbær, tytebær, linnea, marimjelle og strikråkefot. Næraste finnestad er Kollenes i Granvin.

*Guizotia abyssinica* (L. fil) Cass. Ramtillablom. Nesodden: Avfallsplass på Langøyane 13. sept. 1929 A. Landmark.

*Gypsophila elegans* MB. Bleikslør. Nes i Vest-Agder: Ugras i potetåker på Sveige 4. juli 1953 J. L. På Sørlandet var den før kjend vest til Lillesand.

*Gypsophila porrigens* (L.) Boiss. Klusterslør, synest å halda seg på avfallsplassar i Alvik. Karl Sivertzen har samla den på nytt 16. aug. 1953.

*Hammarbya paludosa* (L.) O. Ktz. Myggblom. Norddal: Høyhjell i Valldalen, 350 m, 10. aug. 1951 J. L. — Voss: Heggjavad vest for Raustad, 440 m, 23. juli 1953 J. L. På Voss har eg før (i 1916) funne myggblom ovafor Skjelde og ved Skjeldal.

*Helianthus rigidus* (Cass.) Desf. \* Præriesolvendel. Det. C. Blom. Tjøme: Sundene 14. aug. 1946 Ralph Tambs Lyche. Eit meterhøgt eksemplar av denne amerikanske korgplanten.

*Hieracium nystuense* Lid (1944 s. 570; *H. croceum* (Lindbl.) Dt non Lamarck; *H. decolorans* Fr. (excl. var.?), G. Samuelsson 1949 s. 31). \* Nystusveve. Tynset: Gammaldalsvangen, 758 m, 22. juli 1938 S. O. F. Omang. — Gol: Hallinghovreslia, 960 m, 20. juli 1943 J. L. — Uvdal: Ved Åsberg Hotell i Dagali, 900 m, 12. aug. 1946 S. O. F. Omang. Disse finnestadene har ikkje kome inn på Samuelssons kart (1954 kart 5).

*Hordeum comosum* J. et C. Presl. Buvik: Ved Pienes mølle 31. juli 1918 A. Landmark. Denne art står nær silkebygg (*H. jubatum*), og burde kanskje heller reknast for underart av den. Vi har ikkje så lite norsk materiale av silkebygg, men det er berre Landmarks plantar frå Buvik som skil seg ut med å ha kort snerp på inneragna i midt-blomsteren i midtakset.

*Hordeum jubatum* L. Silkebygg. Suldal: Suldalsosen på avfallsplass ved Suldalslågen 15. aug. 1952 J. L.

*Hymenophyllum peltatum* (Poir.) Desv. Hinnebregne. Herad: Lia sørom Briseid, på bergvegg mot nordaust, i lag med *Breutelia chrysocoma* og andre kystmosar, 9. aug. 1954 Per Størmer. — Lista: Sigersvoll, i lia sørom tjønna, 6. aug. 1954, og Udal, på foten av bergvegg mot nord, 12. aug. 1954 Per Størmer. Vi har få funn før av hinnebregne i Vest-Agder.

*Hyoscyamus niger* L. Villrot. Lista: «Høyland 1925, og hagen min på Bryne (grannegard til Høyland) 1952 og 1953. Det var mange plantar». Olav Håversen Vesthassel i brev 23. nov. 1953.

*Juncus arcticus* L. Finnmarkssev. Ulvik: Austkanten av Jomfrunuten ved Finse, rett nord for Torbjørnstølen, 1380 m, 1. aug. 1954 J. L. — Finnmarkssev er før funnen på Kvannjolnuten ved Finse (Lid 1954 s. 12). Den nye finnestaden er ved ei ørlita tjønn, vel 1 km frå Finse stasjon. Det er ein to meter lang koloni som kanskje ikkje er så svært gamal, dei fleste strå var utan aks i 1954.

*Juncus arcticus* × *filiformis*. Eidfjord: Myrane ved Veig nedafor Rjoto 25. aug. 1954 Anders Bjørndal. — Røldal: Ved Nedre Hellevatnet, 1170 m, 24. aug. 1952 Anders Bjørndal. Denne hybriden er ikkje før funnen så langt sør.

*Juncus tenuis* Willd. (*J. macer* S. F. Gray). Ballastsev. Vestby: Gamle Sånervegen ved Liabråten 20. juli 1942 Odd Røsseng. — I Aust-

og Vest-Agder har Johs. Johannessen samla den fleire stader, såleis Høvvåg: Eidfjord, Isefjer, Opseng og Indre Årsnes 26. juli 1953; Randsund: Tømmerstø 29. nov. 1953; Oddernes: Vige, Varodden og ved Toppdalsfjorden 13. aug. 1953; Kristiansand: Festningsgata 8. aug. 1953, Berlesbukta (symjestadion) 1954. På den siste staden fins den i tusental og trivst godt, endå det er slik tråkk der at *Poa annua* og andre ugras ikkje greier seg. Frå Berlesbukta har den spreidd seg til leirplassen Roligheten. — Ved revisjon av *Juncus*-materiale i Oslo- og Bergensherbariet har Finn Wischmann kome over *J. tenuis* som Thekla R. Resvoll samla i Bamle: Brevikstranda juli 1899. Dette er eldste innsamling her i landet av denne amerikanske planten. I herbariet har Wischmann òg kome over eit eksemplar av *J. tenuis* frå Haus: Nær jernbanen søraust for Garnes stasjon 1. aug. 1918 J. L., på eit ark i lag med *Juncus bulbosus*.

*Knautia arvensis* (L.) Coult. Raudknapp. I brev 9. febr. 1955 til Per Wendelbo melder Alf J. af Forselles i Helsingfors at han har funne raudknapp i Alta: «Några exemplar nära vägen vid Çakko-badne». Det er mest rimeleg at den er komen inn der i ny tid. I Finnmark er raudknapp før kjend frå Sør-Varanger.

*Lactuca alpina* (L.) A. Gray. (*Mulgedium alpinum* (L.) Less.). Turt. Stokke: Kile 26. juni 1952 Olav Hageland. Dette er 60 m o. h., og 2,5 km frå Tønsbergfjorden. — Kvås: Bjørndal, Stakkeland, Lundevoll og Austre Tofteland. Turt er kjend på desse gardane i Kvås i all fall sidan 1900, melder Arne Stuestøl i 1954. Turt veks òg på Londal i Kvinesdal. Sørgrensa for turt er dermed flytt 10 km sørover, frå Espeland i Hægebostad til Lundevoll i Kvås.

*Lactuca sativa* L. Hagesalat. Strinda: Forvilla på avfallsplass ved Sluppen 21. sept. 1952 Einar Fondal. Ikkje før funnen forvilla i Trøndelag.

*Lamium galeobdolon* (L.) L. Gulltvitann. Oddernes: Narvika 1. juli 1954 Johs. Johannessen, som òg har funne denne tvitann i Tveit: Føreid, i mørk skog der den dekker 30–40 m<sup>2</sup>.

*Lamium maculatum* L. Flekktvitann. Oslo: Forvilla i skogkanten på Voksenlia 3. juni 1952 Anne-Katrine Hammarlund. Dette er ein tilsvarende vekseplass som den nordvende skogkanten mellom Storo og Nydalen, der denne planten var funnen forvilla i 1949 og der den framleis veks i 1953 og 1955.

*Lathyrus incurvus* (Roth) Willd. Det. C. Blom. \* Bogeskolm. Buvik: Ved Pienes Mølle 28. aug. 1947 Ralph Tambs Lyche. Stor plante med blomstrar og unge frukter.

*Lathyrus latifolius* L. Breiskolm. Hisøy: Flødeviga, forvilla ved eit gjerde 13. aug. 1950 Per Størmer.

*Lepidium bonariense* L. Argentinakarse. Moss (Jeløy): 29. mai 1913

Caroline Leegaard. To vel utvikla plantar. Argentinakarse er elles funnen i Odda 1925 av Johannes Apold.

*Lepidium cordatum* Willd. Hjartekarse. Oslo: Avfalls plass ved Lakkegata skole 6. juli 1935 Askill Røskeland. — Det som står om hjartekarse i min flora (Lid 1944 s. 250, og 1952 s. 318) er basert på dette funn. Ved eit mistak har planten der fått namnet «*Lepidium cordifolium* Willd.».

*Lepidium heterophyllum* (DC.) Benth. Vollkarse. Tromøy: Vegkant ved Galtesund 15. aug. 1952 Gabriel Scott. Før kjend lengre aust på Tromøya. — Kristiansand: Ved Hesteheia 13 juni 1951 J. Nuland.

*Levisticum officinale* Koch. Løpstikke. Kristiansand: Ugras i ein hage ved Tordenskjolds skole 4. aug. 1952 J. Nuland. Var visstnok komen med mold frå ein hage i Tveit 1950. Plantane voks opp i 1951 og sette frukt i 1952.

*Limonium humile* Mill. Strandrisp. Høvåg: På ein liten holme nordvest for Ågerøya 23. juli 1952 J. Nuland. 10–12 plantar på steinut strand i lag med strandkjempe, strandstjerne og tangmelde. Denne finnestaden er vel 100 km sørvest for Skåtøy som før var vestgrensa for strandrisp.

*Linaria repens* (L.) Mill. Stripetorskemunn. Kristiansand: På tørr hei ved Grim 21. juli 1954 Johs. Johannessen.

*Littorela uniflora* (L.) Asch. Tjønngras. Vossestrand: Oppheimsvatnet utafor Løn, 330 m, 16. juli 1946 Halvor Vegard Hauge.

*Lolium perenne* L. var. *crispatum* (Pers.) Döll. \* Duskraigras. Kristiansand: Ved siloen på Odderøya 28. juli 1954 Johs. Johannessen. På denne varieteteten sit småaksa tett saman og lagar ein dusk i toppen av strået. Før kjend frå Oslo: Tullinløkka 24. juni 1872 Axel Blytt. — Venneslå: Hunsfoss 14. juni 1914 Askill Røskeland. — Mandal: Malmøya 1. aug. 1897 A. Landmark. — Bergen: Heggernes mølle 24. juni 1918 Jens Holmboe.

*Lolium temulentum* L. Svimling. Oslo: Bjørvika, ved brygga for Amerikalina 16. aug. 1954 Per Størmer. Svimling er eit ytterst sjeldsynt ugras her i landet no.

*Lunaria annua* L. Månefiol. Lyngdal: Agnefest på ein avfallshaug 13. sept. 1954 Sigvald Bærøy. På Sørlandet var vestgrensa før i Fjære.

*Lupinus nootkatensis* Donn. Sandlupin. Sokndal: Sokndal 26. juni 1938 Alv Aksnes. I Rogaland er den før kjend frå Heskestad, Ognå og Nærbo.

*Lupinus polyphyllus* Lindl. Hagelupin. Borre: Solberg, forvilla over fleire mål utmark, 9. okt. 1951 Per Størmer. I Vestfold er den ikkje før funnen forvilla.

*Malcolmia maritima* (L.) R. Br. \* Mahonlevkøy. Det. C. Blom. Orkdal: Fannrem 28. juli 1941 Ralph Tambs Lyche. Eittårig kross-

blomster som har raude blomstrar med sterk god lukt. Som prydpilante er den ofte dyrka, men dette er første gongen den er meld forvilla hos oss. Den høyrer heime i Middelhavslanda og heiter på fransk «giroflée de Mahon» oppkalla etter største byen på Minorka.

*Medicago sativa* L. Blålusern. Odda: I skinnegang ved Odda Smelteverk aug. 1947, og på Hjødlo, i åker med frø frå U. S. A., 27. juli 1954 Karl Sivertzen. — Kvam i Hordaland: Ålvik, på krommalmhaugar frå Litle Asia 8. sept. 1954 Karl Sivertzen. — Fana: Tysk læger ved Nesttun 31. juli 1946 Jakob Naustdal.

*Medicago tribuloides* Desr. var. *truncatula* (Gaertn.) Koch. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik på avfallsplassar 30. aug. 1947 Karl Sivertzen. Fleire plantar med blomstrar og halvmogne frukter.

*Melilotus albus* Desr. Kvitsteinkløver. Odda: Ved fabrikkane juli 1948 Karl Sivertzen. — Kvam i Hordaland: Ålvik, malmhaugane frå Litle Asia 16. aug. 1953 Karl Sivertzen. — Fjell: Ved fabrikkane i Knarrevik 21. aug. 1954 Jakob Naustdal. — Bruvik: Ved Vaksdal mølle 25. aug. 1954 Jakob Naustdal. — På Vestlandet er den elles funnen i Bergen, fleire stader, og på Voss: Vossevangen 17. aug. 1903 Fredrik Lange.

*Melilotus officinalis* Lam. Lækjesteinkløver. Jølster: I rotvekståker på Befring 25. sept. 1953 Olav J. Befring. Denne steinkløveren er ikkje kjend før mellom Sogn og Sunnmøre.

*Minuartia laricifolia* (L.) Sch. et Th. Det. C. Blom. Bærum: Vækerø 28. juli 1939 Ralph Tambs Lyche. Stor plante med blomstrar og om lag mogne frukter.

*Monotropa hypopitys* L. Vaniljerot. Fyresdal: I open furuskog vestom hovedvegen ved nordenden av Molandsmoen, 300 m, 6. sept. 1953 Einar Stoltenberg. Johannes Kjøvs har funne den ved Klokkarhamaren i prestegardsskogen i Fyresdal.

*Najas marina* L. Stivt havfrugras. I Gilsvatnet ved Kristiansand på begge sider av grensa mellom Tveit og Oddernes 23. juli 1952 Johs. Johannessen.

*Neottia nidus-avis* (L.) Rich. Fuglereir. Bygland: To blomstrande plantar på Dale (vestom Byglandsfjorden, 300 m) 25. juni 1953 Anders Bjørndal.

*Nepeta macrantha* Fisch. \* Altaikattemynte. Det. Inger Kaasa. Oddernes: Egstø 2. aug. 1954 Johs. Johannessen. Dette er ein leppeblomstra prydpilante som høyrer heime i Sibir, og som på Egstø har spreidd seg i gamal eng. Når den er frisk, luktar den som harsk olje eller tran, seier Johannessen.

*Petunia violacea* Lindl. \* Klisterpetunia. Odda: Ved ein nedlagd hønsegard juli 1948 Karl Sivertzen. — Kristiansand: På moldhaugar ved bryggene 3. aug. 1951 J. Nuland. Det er tredje året på rad at

denne eittårige planten av søtvierfamilien er funnen her, seier Nuland, og i 1951 er det meir av den enn før. Planten er klissent kjertelhåra.

*Phacelia tanacetifolia* Benth. Honningurt. Idd: Forvilla på ein vegkant ved Prestebakke 29. juli 1952 Kristian Andreassen. Dette er første gongen denne planten er meld frå Østfold.

*Phalaris brachystachys* Link. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik på avfallsplassar ved krommalmhaugane frå Litle Asia (Fethiye, Iskenderum og Mersina) 28. aug. 1947 Karl Sivertzen. Dette røyrgreset, som liknar kanarigras, hadde mogne frukter i Ålvik.

*Phalaris paradoxa* L. Narrerøyr. Strinda: Avfallsplass ved Sluppen 28. juni 1953 Einar Fondal. Før funnen i Fredrikstad, Nesodden og Buvik.

*Physalis alkekengi* L. Jødekirsebær. Nesodden: Avfallsplass på Langøyane 13. sept. 1927 A. Landmark. — I Rakkestad hadde Kristian Andreassen først funne den som ugras i ein hage ved jernbanestasjonen 6. juli 1940, og sidan på Bergenshus (Lid 1952 b, s. 102).

*Polygonum kitaibelianum* Sadl. Risslirekne. Kvam i Hordaland: Ålvik på krommalmhaugar frå Litle Asia 16. aug. 1953 Karl Sivertzen.

*Potentilla recta* L. Stormure. På Vestlandet er denne mure funnen fem gonger. Sola: Joa (Rjoa) juli 1927 Georg Joa. Held seg som ugras etter at den 15 år før var komen inn med hønsefrø. — Bruvik: Ved jernbanen på Dale 25. juni 1915 J. L.; Vaksdal 1928 Olaf Hanssen (Hanssen og Nordhagen 1930 s. 8). — Odda: Ved ei kabelgrøft i Odda 10. juli 1950 Karl Sivertzen. — Ulvik: Ved Nesheimssanden i Vangsbogda 4. juli 1951 J. L.

*Potentilla thuringiaca* Bernh. Tysk mure. Odda: Ved «Nordag» på Eitreim 1946, og ved ein kolsilo ved Odda Smelteverk 28. juni 1950 Karl Sivertzen. — Voss: Ved Grovandal på Vossevangen 24. juli 1953 J. L.

*Ranunculus lingua* L. Kjempesoleie. Eidanger: Nordsida av Lundevatnet (ved Bjørkedal stasjon) 20. juli 1953 Karl N. Eriksen. Dette er første gongen kjempesoleia er meld frå Telemark. I Lundevatnet veks den saman med takrøyr, flaskestorr, pollsevak og kattehale.

*Roemeria hybrida* (L.) DC. \* Rømeria. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik på avfallsplassar 12. aug. 1947 Karl Sivertzen. Denne eittårige planten av valmuefamilien høyrer heime i Middelhavslanda.

*Rorippa austriaca* (Cr.) Bess. Kulekarse. Strand: Tau 14. juli 1952 Halvor B. Gjærum. Kulekarse er ikkje før funnen i Rogaland.

*Rosa rugosa* Thunb. Rynkerose. Skåtøy: Jomfruland, stor frodig busk, 30 m frå stranda, juli 1954 Ingolf Sundfør. Første gongen Sundfør såg denne busken var i 1950, og då var den mykje mindre enn i

1954. Det er ingen hage nær ved, og Sundfør gissar på at busken kan ha vakse opp av ei ilanddriven nype, for vekseplassen er berre vel 1 meter over flodmålet.

*Rubus selmeri* Lindeb. Norsk bjønnebær. Sjernarøy: Bjørgøy, ved Aubøundet, 1. sept. 1953 Halvor B. Gjørnum. Så vidt vi veit er dette første gongen den er funnen i Rogaland.

*Sagina intermedia* Fenzl. Jøkularve. Voss: Herdebreio, 1150 m, 20. juli 1953 J. L. Jøkularve er funnen ein gang før på Voss: Raudskreddalen på Skjemmone, 1200 m, 17. aug. 1934 J. L. Dette er vest-grensa for denne høgfjellsplanten.

*Salix polaris* Wahlenb. Polarvier. Vinje i Telemark: Sessnuten, 1340 m, 23. juli 1949 Halfdan Rui. Dette er nær grensa mot Aust-Agder, og er ny sørgrense for polarvier.

*Saussurea alpina* (L.) DC. Fjelltistel. Lunner: Ved Øvre Grasberg-tjønna (ved Ballangrudsæterhøgda) 4. juli 1952 J. L. — Jevnaker: Vestenden ved Mylla, 550 m, 4. juli, og ved myra på toppen av Lamannshøgda, 700 m, 5. juli 1952 J. L. Desse finnestadene ligg på nordkanten av Nordmarka. I Nordmarksstrøket er fjelltistel før kjend frå Finntjønna (416 m) ved Tømte i Maridalen (A. Blytt 1870 s. 61).

*Scandix pecten-venenis* L. Venuskam. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik, på krommalmhaugar frå Litle Asia 12. aug. 1947 Karl Sivertzen. Dvergplantar med unge frukter. Ikkje funnen før i Hordaland.

*Schoenus ferrugineus* L. Brunskjene. Nærbø: Reime, i myra ved bekken 8. juli 1953 Finn Wischmann. I Rogaland er brunskjene før kjend eit par stader på Karmøya.

*Scorpiurus vermicularis* L. \* Skorpionurt. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik på krommalmhaugar frå Litle Asia 28. aug. 1947 Karl Sivertzen. Eittårig middelhavsplante av ertefamilien. Den har heile blad, gule blomstrar og samanrulla, knutrut skolm.

*Scrophularia scorodonica* L. \* Atlantisbrunrot. Oslo: Ugras i hagen ved Tuengen Allé 26, 11. sept. 1954 Per Størmer. Fleirårig plante med raudbrune maskeblomstrar, høyrer heime i Vest-Europa utmed Atlanterhavet frå Irland og sør til Kanariøyane.

*Senecio aquaticus* Huds. Dikesvineblom. Ulstein: Hatløya 20. aug. 1952 Knut J. Hasund. Dette er vestgrensa for dikesvineblom på Sunnmøre.

*Senecio vernalis* W. et K. Vårsvineblom. Kristiansand: Avfallsplass ved Kongsgård 8. juli 1952 Anders Wulff. Ikkje kjend før på Sørlandet.

*Seseli libanotis* (L.) Koch. Hjorterot. Odda: Stor bladrosett ved Odda smelteverk sept. 1953 Karl Sivertzen.

*Silene pendula* L. Hengjesmelle. Det. C. Blom. Orkdal: Fannrem

28. juli 1941 Ralph Tambs Lyche. Dvergplantar med einskilde, opprette blomstrar. Hengjesmelle er ikkje før kjend frå Trøndelag.

*Sinapis arvensis* L. var. *schkabriana* (Rchb.) Hagenb. subvar. *orientalis* (L.) Koch et Ziz. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik, avfalls plass ved krommalmaugane frå Little Asia 16. aug. 1953 Karl Sivertzen. Veks i lag med vanleg åkersennep.

*Sisymbrium orientale* L. Orientsennep. Rakkestad: Ved jernbanestasjonen 24. juli 1954 Kristian Andreassen. — Kvam i Hordaland: Ålvik 16. aug. og 6. sept. 1953 Karl Sivertzen. — Bruvik: Ved mølla på Vaksdal 25. aug. 1954 Jakob Naustdal. — Trondheim: Ved jernbanestasjonen 13. aug. og 18. sept. 1953 Einar Fondal. — Strinda: Avfalls plass ved Sluppen 28. juni 1953 Einar Fondal. — Plantane har fullt utvikla skulper, det er tydeleg at dei set moglege frø her i landet.

*Smilacina stellata* (L.) Desf. Stjernekonvall. Oslo: Merradalen nær Radiumhospitalet i granskog med alm, ask og løn, 6. juni 1952 Ruth Strand. Skogen høyrer til eigedommen Montebello som visstnok har hatt park her i eldre tid. — Stjernekonvallen er ikkje attfunnen på dei stadene ved Oslo som Axel Blytt (1870 s. 49) melder at N. G. Moe hadde funne den.

*Solanum*. Nokre nye søtvierarter har kome fram i A. Landmarks norske herbarium i Botanisk Museum. Dei er alle navnfeste av C. Blom. Tre av artene er nemnde hos Nordhagen (1940 s. 557), men utan nærmare oppgåve over finnaren og vekseplassen for kvar av dei.

*Solanum adventitium* Polgár. \* Adventsøtvier. Nesodden: Avfalls plass på Langøyane 5. sept. 1930 A. Landmark. Eittårig ugras med heile blad, små kvite blomstrar og svarte bær. Først kjend i Ungarn i 1925.

*Solanum ciliatum* Lam. (*S. aculeatissimum* Jacq.) \* Tornsøtvier. Nesodden: Avfalls plass på Langøyane 13. sept. 1927 A. Landmark. Fleirårig plante med heile blad, kvite blomstrar og oransjegule bær. Stengel og blad med kvasse tornar. Høyrer heime i Brasil, men er vidt utbreidd i tropene.

*Solanum marginatum* L. fil. \* Filtsøtvier. Fredrikstad: Ballastplassen på Øyra 11. aug. 1891 A. Landmark. Fleirårig busk med heile blad som er kvitfilta under, store kvite blomstrar som minner om potetblomstrar, gule bær. Stengel og blad med rette tornar. Høyrer heime i Etiopia, og er av og til dyrka som prydplante.

*Solanum rostratum* Dunal. \* Kansassøtvier. Oslo: Avfalls plass på Torshov 3. aug. 1917 A. Landmark. — Oslo: Vestbanetomten 30. sept. 1924 N. A. Sørensen. Eittårig ugras med tornut stengel, finna blad og store bleikgule blomstrar. Bekaren dekkjer båret og er ofte vaksen saman med det. Høyrer heime på prærien i Nord-Amerika.

*Solanum sarachoides* Sendtn. \* Sarachasøtvier. Nesodden: Avfalls-



plass på Langøyane 5. sept. 1930 A. Landmark. Sørmerikansk plante med mjukhåra stengel, heile blad og kvite blomstrar. Bæret er dekt av bekaren.

*Sonchus asper* (L.) Hill. Stivdylle. Jølster: I gulerotåker på Befring 6. sept. 1953 Olav J. Befring.

*Stachys arvensis* L. Småsvinerot. Oddernes: I mengd i ein gamal frukthage på Egstø 20. sept. 1952 Johs. Johannessen. — Austad: Kvalsvik 6. okt. 1954 Sigvald Bærøy. — Lista: Ugras på Vanse kyrkjegard 5. aug. 1954 Per Størmer. Det ser ut til at dette ugraset held på å spreia seg på Sørlandet.

*Stachys recta* L. Lækjesvinerot. Det. C. Blom. Strinda: Sluppen 8. sept. 1946 Ralph Tambs Lyche. Så langt nord er den ikkje funnen før.

*Symphytum asperum* × *officinale*. Mellomvalurt. Søgne: På ein vegkant nær Øygarden 1. juli 1951 J. Nuland.

*Thalictrum flavum* L. Gul frøstjerne. Ulstein: Hasund, på steinutstrand 9. juli 1947 Knut J. Hasund. Denne frøstjerna kan vera innvandra her nyleg, for eldre folk som er godt kjende på Hasund har ikkje sett den der før.

*Thalictrum minus* L. Kystfrøstjerne, orientalsk form, det. C. Blom. Odda: Avfallsplass ved superfosfatfabrikken sept. 1954, og ved sinkkompanifabrikken 10. okt. 1954 Karl Sivertzen.

*Trifolium campestre* Schreb. Krabbekløver. Odda: Ved badet i Odda juli 1953 Karl Sivertzen. Denne kløveren er ein ytterst sjeldsynt plante på Vestlandet, og det er berre på avfallsplassar den fins der. Jakob Naustdal har funne den i Fana: Tysk læger ved Skjold 18. juli 1947, og dertil på Vågsbø i 1949 (Lid 1950 s. 52).

*Trigonella crassipes* Boiss. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik, avfallsplass ved krommalmhaugane frå Little Asia 12. aug. 1947 Karl Sivertzen. Eittårig orientalsk ugras som i Ålvik hadde halvmogne lodne skolmer.

*Trigonella foenum-graecum* L. Bukkehorn. Det. C. Blom. Kråkerøy: Blomstrande dvergplante ved Røds Bruk 15. juli 1910 Hartvig Johnsen. Eittårig orientalsk erteplante med ram lukt, bleikgule blomstrar og lange sabelforma snaue skolmer. Viktig medisinplante i oldtida og middelalderen, no mest brukt i veterinærmedisin. Nordhagen nemner denne planten (1940 s. 359), og seier at vi nok kan venta den hos oss.

*Trisetum spicatum* (L.) Richt. Svartaks. Røldal: I berget under Store Nup, 1320 m, 25. juli 1952 J. L. Dette er ny sørgrense.

*Veronica agrestis* L. Åkerveronika. Odda: Ved Odda kyrkje 18. aug. 1954 Karl Sivertzen. — Den er òg funnen på Voss: Vossevangen 1952

Alvhild Sæbø (melding frå Miranda Bødtker). Det er på avfallsplassar dette ugraset er funne på Vestlandet.

*Veronica filiformis* Sm. Gravveronika. Kristiansand: Kroken 11. juni 1953 J. Nuland. Den vaks der også i 1952 og hadde sidan spreidd seg over eit større stykke.

*Veronica longifolia* L. Storveronika. Hadsel: Forvilla i eng på Stokkmarknes 12. aug. 1954 Gunvor Ellingsen. Som forvilla plante er den før berre kjend nord til Egge i Nord-Trøndelag.

*Vicia cuspidata* Boiss. \* Smyrnavikke. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik, avfallsplass ved krommalmhaugane frå Litle Asia 12. aug. 1947 Karl Sivertzen. Nokre plantar med unge frukter.

*Vicia lutea* L. Gulvikke. Det. C. Blom. Kvam i Hordaland: Ålvik, avfallsplass ved krommalmhaugane frå Litle Asia 12. aug. 1947 Karl Sivertzen. På Vestlandet er denne vikke ikkje før funnen nord for Randaberg.

